

Alle 3 laga vidare til sluttspel

02.08.2011



Jentelaget gjekk også vidare

**Laga til Rosendal gjer ein god innsats i verdas største fotballturnering på Ekeberg.
Alle tre har gått vidare til A-sluttspel. 6 uskedelingar spelar på laga.**

G14-laget slo i føremiddag Sunndal 2 med 8-0 og gjekk vidare til A-sluttspel.
Ein av uskedelingane på laget, Hermund Døssland, sette inn 2 av måla.

Laget hadde spela 2 uavgjorte kampar og måtte vinna med minst 2-0. Det var altså ikkje noko problem. Dei skal møta LøvHam i morgen ettermiddag klokka 14.30 og det vil nok bli ein skikkeleg thriller.

Vidare gjekk også gutelaget 15/16 etter å ha slege Holmlia med 7-0.

Jentelaget klarte seg med 0-0 mot Reinsfjell for å gå vidare til A-sluttspelen